



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
post@sogndal.kyrkja.no

Sogndal 2013
Vår sakshandsamar: MUB/JMHE
Vår ref.: 13/00036-001
Arkivkode: 309

Verdi- og måldokument for Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

Visjon.

Saman vil me skape ein god stad å vera for alle i Sogndal og Leikanger gjennom å:

- *dele tru og undring*
- *dele kristne tradisjonar og verdiar*
- *dele opplevingar og fellesskap*
- *dele håp og kjærleik*

Kyrkja er ein viktig ressurs for å skape gode lokalsamfunn prega av nærleik, omsorg, identitet og kultur. Den er ein sentral bidragsytar for at enkeltmenneske skal fatte mot og meining, tru og engasjement. Ei livskraftig kyrkje gjer bygdene våre til ein betre stad å bu.

Verdi- og måldokument	3
1. Sjølvforståing	3
Grunnlag	3
Kyrkja i Sogndal og Leikanger	4
Visjon	4
2. Kyrkja og kommunen	4
3. Sokneråd og fellesråd	5
Soknerådet sitt oppdrag er formulert i Kyrkjelova § 9 på følgjande måte:	5
Fellesrådet sine oppgåver er formulert i Kyrkjelova § 14.	6
Samansetjing av det interkommunale fellesrådet:	7
Samansetjing av arbeidsutval:	7
Samansetjing av administrasjonsutval:	8
4. Arbeidet i sokna	8
Frivillig engasjement	8
Kyrkje og kultur	8
Organisttenesta	9
Diakoni	9
Trusopplæring	9
Kyrkjetenarressursane	9
5. Administrasjonen	10
Personale	10
Kontor	10
Økonomi	10
Arkiv	11
IKT	11
6. Bygg og eigedom	11
Kyrkjer	11
Kyrkjeorgel	12
Kyrkjegard og kyrkjegardsbygg	13
Stell og vedlikehald av kyrkjegardane.	14
Gravferdsforvaltning	14
7. Organisering. Målsetjing	14
Den Norske kyrkja i Sogndal og Leikanger er organisert slik:	14
Samarbeidsprosjekt mellom kyrkja i Sogndal og Leikanger.	14
Ny kyrkjeordning frå 2014	15
Det livssynsopne samfunn	16
Hovudsynspunkt	16
Kyrkjebygg med kulturminneverdiar	16
Institusjons- og forsvarspresteteneste.	16
RLE, trus- og livssynsundervisning og religionar sin plass i skulen	17
Vigsel	17
Gravferder	17
8. LK 14/KL 14	17
Vedlegg 1:	18
I samband med samarbeidsprosjektet mellom kyrkje i Sogndal og på Leikanger, vart det gjort følgjande vedtak i kommunane:	18
Vedlegg 2:	19
Sokneråda sine oppgåver kan kort samanfata slik; sjå elles kyrkjelova §9:	19
Vedlegg 3:	20
REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE.	20
Vedlegg 4:	21
Årshjul for faste arbeidsoppgåver – fellesråd og administrasjon	21
Vedlegg 5:	24
Organisasjonskart	24

Verdi- og måldokument

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd sitt Verdi- og Måldokument gir ein omtale av organisasjonen si sjølvforståing og sentrale målsetjingar for verksemda i dei fem sokna. Dokumentet byggjer på mal frå Bergen kirkelige fellesråd.

Målgrupper for dokumentet er Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd sine tilsette, styrande organ, sokneråda, Sogndal kommune, Leikanger kommune og andre.

Fellesrådet er samansett av ein representant frå kvart av sokneråda, ein representant frå kvar av kommunane, ein representant frå dei geistlege (prest), og kyrkjeverje er sekretær for rådet. Fellesrådet er valt for ein periode på 4 år, men leiar vert valt internt mellom medlemmane for eitt år om gongen.

Dokumentet blir førelagt fellesrådet for årleg revisjon i samband med framlegging av årsbudsjettet.

1. Sjølvforståing

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd skal vere eit tilgjengeleg serviceorgan for kyrkjelydane, eit profesjonelt forvaltingsorgan for kyrkjene og kyrkjegardane i dei to kommunane og ein god arbeidsgjevar for dei tilsette.

Grunnlag

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd er heimla i Kyrkjelova og Gravferdslova, og er eit sjølvstendig offentleg organ på lik line med kommune og stat.

Kyrkjelova frå 1996, § 14 slår fast at det kyrkjelege fellesrådet i kommunen skal:

- *Ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen*

Og Gravferdslova frå 1996, § 3 og gravferdsforskrifta gjeldande frå 01.01.2013 seier at:

- *Kyrkjeleg fellesråd har ansvaret for at gravplassar og bygningar på gravplassar blir forvalta med orden og verdigheit og i samsvar med gjeldande vedtak.*

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd:

- Har 15 tilsette i 8,9 årsverk fordelt på kyrkjelydane, kyrkjene, kyrkjegardane og administrasjonen.
- Fellesrådet si verksemd omfattar 5 kyrkjer, 6 kyrkjegardar, 6 kyrkjegardsbygg.
- I 2013 har fellesrådet eit driftsbudsjett på om lag 7,5 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag kr. 500.000. Fellesrådet sin økonomi er i hovudsak basert på tilskot frå Sogndal og Leikanger kommunar og tilskot frå bispedøme til diakonstilling, trusopplærarstilling og prostesekretær. I tillegg er det festeavgifter, leigeinntekter og gåveinntekter.
- Fellesrådsområdet har om lag 10.000 innbyggjarar, fordelt med 7477 i Sogndal og 2255 i Leikanger kommunar (tal pr. 01.01.12).

Kyrkja i Sogndal og Leikanger

er ein viktig ressurs for å skape gode lokalsamfunn prega av nærleik, omsorg, identitet og kultur. Den er ein sentral bidragsytar for at enkeltmenneske skal fatte mot og meining, tru og engasjement. Ei livskraftig kyrkje gjer bygdene våre til ein betre stad å bu. Dette seier me med bakgrunn i:

- Kyrkja i Sogndal og Leikanger er i nærkontakt med alle slags menneske gjennom alle livet sine fasar
- Kyrkja bidreg til å skape fellesskapskjensle og forankring, meining og støtte i både høgtidlege og kritiske situasjonar i livet
- Kyrkja er ein sentral kulturbærer i bygdene våre
- Kyrkjene og gravplassane representerer tilknytning både til det evige og til slektene som har gått føre
- Over 88% av innbyggjarane er medlemar i Den norske kyrkja
- Tal deltakarar ved gudstenester, gravferder, vigslar, barne- og ungdomsaktivitetar eller tilbod til eldre var i 2012 om lag 30.000.
- I tillegg kjem alle turistar som årleg besøker kyrkjene våre
- På gravplassane tenar me 100 % av innbyggjarane, uansett tru- eller livssyn.

Visjon.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd har samla seg om ein visjon for arbeidet:

Saman vil me skape ein god stad å vera for alle i Sogndal og Leikanger gjennom å:

- *dele tru og undring*
- *dele kristne tradisjonar og verdiar*
- *dele opplevingar og fellesskap*
- *dele håp og kjærleik*

2. Kyrkja og kommunen

Kyrkjelova §15 seier kva kommunen sitt økonomiske ansvar for kyrkja er:

§ 15. Kommunens økonomiske ansvar.

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellestråd:

- a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser,
- c) utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellestråd,
- d) driftsutgifter for fellestråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
- e) utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
- f) utgifter til kontorhold for prester.

Fellestrådet budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Kongen kan gi forskrift om kommunenes forpliktelser etter denne paragraf.

Kommunen kan ta opp lån for finansiering av sine forpliktelser etter første ledd bokstav a) og b). De nærmere vilkår for kommunens låneopptak fremgår av kommunelovens § 50.

Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.

Kyrkjelova § 15 slår fast at kommunen, etter budsjettframlegg frå kyrkjeleg fellesråd, utredar bl.a. utgifter til bygging, drift og vedlikehald av kyrkjene, utgifter til anlegg og drift av kyrkjegardar, utgifter til diverse stillingskategoriar og administrasjon.

At kommunen skal utrede desse utgiftene, betyr at løyvingane til kyrkja ikkje har karakter av vanleg tilskot, men at kommunen har ei særskilt forpliktning til å sikre den lokale kyrkja ein føreseieleg økonomi. I rundskriv frå KKD, V-5/2002 blir samhandlinga mellom kyrkje og kommune utdjupa på følgjande måte:

- Kyrkja og kommunen har generelt samanfallande mål: - å betre livskvaliteten for kommunen sine innbyggjarar. Det er eit nasjonalt mål at den kristne kulturarven og det kristne verdigrunnlaget skal holdast levande i samfunnet.
- Den nærleik mellom kyrkje og kommune som Kyrkjelova byggjer på, inneber at liksom kommunen skal leggje til rette for infrastruktur, bustader, kommunale velferdstenester, med meir, - til beste for innbyggjarane, slik skal kommunen også gje tenelege rammevilkår for kyrkja si verksemd.

Viser elles til vedlegg 1; kommunane sine vedtak og uttale om samarbeidsprosjektet mellom kyrkje i Sogndal og på Leikanger.

3. Sokneråd og fellesråd

Kyrkja si grunneining er soknet. Alt arbeid som vert utført av tilsette og frivillige har som føremål å yte eller leggje til rette noko for personar som bur i sokna. Det vere seg både rådsmedlemar, andre frivillige og tilsette.

Soknerådet si oppgåve skal vere retta mot å vekkje og nærme det kristne livet i soknet. Fellesrådet og tilsette skal vere med og leggje til rette for at slikt kan skje.

Soknerådet sitt oppdrag er formulert i Kyrkjelova § 9 på følgjande måte:

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nærme det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

Sjå elles også vedlegg 2 om soknerådet sine oppgåver.

Sokneråda er samansett på fylgjande måte:

§ 6. Menighetsrådets sammensetning.

Menighetsrådet består av soknepresten og – etter menighetsmøtets bestemmelse – 4, 6, 8 eller 10 andre medlemmer som velges ved flertalls- eller forholdstallsvalg for 4 år etter regler fastsatt av Kirkemøtet. For de valgte medlemmer velges samtidig minst 5 varamedlemmer. Endring av tallet på de medlemmer som skal velges, må være vedtatt i menighetsmøte før valget kunngjøres.

Tal medlemmar i sokneråda her:

Leikanger: 6 medlemmar, 5 varamedlemmar.

Stedje: 8 medlemmar, 5 varamedlemmar.

Kaupanger: 6 medlemmar, 5 varamedlemmar.

Norum: 6 medlemmar, 5 varamedlemmar.

Fjærland: 6 medlemmar, 5 varamedlemmar.

Alle valde for ein periode på 4 år.

Fellesrådet sine oppgåver er formulert i Kyrkjelova § 14.

Her heiter det mellom anna:

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarlig for:

a) bygging, drift og vedlikehold av kirker,

b) anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,

c) opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,

d) anskaffelse og drift av menighets- og prestekontor,

e) administrativ hjelp for prostene når staten yter tilskudd til det,

f) ---

g) anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

- Kyrkjeleg fellesråd foretar tilsetning av og har arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette som vert lønna over fellesrådet sitt budsjett. Før tilsetning og fastsetting av instruks skal vedkommande sokneråd gis anledning til å uttale seg.
- Kyrkjeleg fellesråd kan gi mynde til sokneråd til å utøve tilsettingmynde og andre arbeidsgjevarfunksjonar for stilling der dette elles ville liggje til fellesrådet.
- Kyrkjeleg fellesråd kan også tildele utval som nemnt i § 35 første ledd mynde til å foreta tilsetning og treffe avgjerd i saker som gjelder forholdet mellom sokna eller soknet som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- Kyrkjeleg fellesråd forvaltar inntekter og formue knytt til kyrkje og kyrkjefond, midlar som utredes av kommunen eller staten, og midlar sokneråd stiller til fellesrådet sin disposisjon for å løyse oppgåver i sokna. Reglar om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon vert gitt av departementet.
- Kyrkjeleg fellesråd utfører elles dei oppgåver som det til einkvar tid er pålagt av Kongen eller departementet, eller som etter avtale blir overført frå det enkelte sokneråd.

Eit overordna formål med Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd si verksemd er å leggje til rette for at sokneråda sitt oppdrag i flg. Kyrkjelova § 9 kan lukkast.

Fellestrådet er samansett på fylgjande måte:

§ 12. Sammensetningen av kirkelig fellestråd.

Kirkelig fellestråd består av:

- a) to menighetsrådsmedlemmer fra hvert menighetsråd i kommunen, valgt av det enkelte menighetsråd,
- b) en representant valgt av kommunen, og
- c) en prost eller annen prest oppnevnt av biskopen. Biskopen kan unnlate oppnevning dersom det er valgt inn en prest etter bokstav a.

Er det fem eller flere sokn i kommunen, velges bare ett menighetsrådsmedlem fra hvert menighetsråd.

Representantene velges sammen med et tilsvarende antall vararepresentanter for 4 år.

Nærmere regler om valg av kirkelig fellestråd gis av Kirkemøtet.

Biskopen har rett til å ta del i fellestråds møte, men uten stemmerett. Fellestrådet kan innkalle andre til å ta del i forhandlingene, men uten stemmerett.

I samarbeidsavtalen mellom kyrkja i Sogndal og Leikanger, er samansetjinga av det interkommunale fellestrådet bestemt slik:

Samansetjing av det interkommunale fellestrådet:

1. Kwart av dei 5 sokna Leikanger, Stedje, Kaupanger, Norum og Fjærland vel eitt (1) av sine soknerådsmedlemar som representant til det interkommunale fellestrådet. For kvar av desse representantane skal det ogso veljast personlege varamedlemar, ein frå kvart sokn. Blant representantane frå sokneråda skal det veljast leiar og nestleiar av det interkommunale fellestrådet.
2. Kvar av dei to kommunane vel ein (1) representant til det interkommunale fellestrådet. For kvar av desse representantane skal det ogso veljast personlege varamedlemar, ein for kvar kommune.
3. Biskopen utnemner ein representant til det interkommunale fellestrådet. Dette vil i utgangspunktet vere prosten. Biskopen utnemner ogso ein vararepresentant, i utgangspunktet ein av sokneprestane i dei to kommunane.
4. Kyrkjeverja i Sogndal skal vere sekretær for det interkommunale fellestrådet.
5. Desse representantane som er lista opp ovanfor, vil til saman utgjere det interkommunale fellestrådet for Sogndal og Leikanger - "Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd".

Samansetjing av arbeidsutval:

Under Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd vert det oppretta eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet får mandat frå det interkommunale fellestrådet til å utgreie ulike saker på vegne av fellestrådet. Arbeidsutvalet har ikkje vedtaksmynde i enkeltsaker, der dette ikkje spesifikt er gitt i mandatet frå fellestrådet. Arbeidsutvalet skal setjast saman av leiar og nestleiar i rådet, prosten, og dei kommunale representantane. Kyrkjeverja i Sogndal skal vere sekretær for arbeidsutvalet.

Samansetjing av administrasjonsutval:

Under Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd vert det oppretta eit administrasjonsutval. Dette skal vere eit partsamansett utval som behandlar saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet skal vere samansett av 4 representantar frå det interkommunale fellestrådet og 2 representantar frå dei tilsette. Det skal so veljast 2 varamedlemar for fellestrådsmedlemene, og 1 vara for dei tilsette. Kyrkjevevja i Sogndal skal vere sekretær for administrasjonsutvalet. Blant medlemene frå fellestrådet skal det veljast leiar og nestleiar for administrasjonsutvalet.

Reglar om saksbehandling, møtegjennomføring og andre verksemdsreglar som gjeld for kyrkjeleg fellestråd, gjeld ogso tilsvarande for det interkommunale fellestrådet, Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd.

Medlemene i fellestrådet er elles valde for 4 år, og det er årleg val på leiar av fellestrådet mellom dei faste medlemene i rådet.

4. Arbeidet i sokna

Dei mange oppgåver og utfordringar i kyrkjelydane må løysast i samarbeid mellom sokneråd og fellestråd.

Oppgåver som skal løysast:

Frivillig engasjement

For at kyrkjelydane skal kunne ivareta sine mange oppgåver, trengst det både lønna og ulønna medarbeidarar. Det er ei viktig oppgåve for lønna medarbeidarar å leggje til rette for frivillig og ulønna engasjement i kyrkjelydane. Sogndal og Leikanger kfr. meiner at frivillig engasjement er ein del av kyrkja si kjerneverksemd. Fordi me meiner at ulønna medarbeidarskap er ein viktig inkluderingsmekanisme i kyrkja vår, handlar dette meir om teologi enn om økonomi, - det er ein måte å vere kyrkje på.

Kyrkje og kultur

Kunst og kultur har sin eigenverdi, men kan ogso vere døropnar, skape fellesskap i kyrkjelydane og hjelpe oss til å ære den treeinige Gud.

Samarbeid mellom kyrkja og det lokale kultur- og musikklivet er sentralt i dette arbeidet. Årleg vert det halde fleire konsertar i kyrkjene våre der lokale utøvarar står sentralt, eller er medarrangørar/arrangørar for konsertane. På fleire av gudstenestene gjennom året er det ogso lokale utøvarar med og bidreg. Dette samarbeidet er ein rikdom for oss som kyrkje, og betyr mykje for vårt arbeid.

Særleg er Leikanger og Stedje kyrkjer som hovudkyrkjer i kommunane ynda kyrkjer som konsertarena. Orgelet i Stedje kyrkje er her sentralt og fellestrådet jobbar med å få finansiert restaurering av orgelet i nær framtid. Ogso i arbeidet med å skaffe finansiering til dette restaureringsarbeidet, har det lokale kulturlivet vore aktive og bidrege.

Ein får årleg spørsmål om leige av kyrkjene til konsertar med omreisande nasjonale artistar. Ogso konsertar av denne typen forsøker ein å få til gjennom året.

Sjå elles vedlegg 3 med regelverk utarbeida for utleige av kyrkjene til konsertar o.a.

Organisttenesta

Fellesrådet har gode organistar som gjer teneste ved forordna gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dei leier også kyrkjelydane sin kyrkjemusikalske aktivitet med konsertar og bruk av andre musistarar. Fleire av dei arrangerar også melodiar det er ynskje om å bruke t.d. i vigsler. Musistarane våre strekkjer seg langt for å imøtekoma ynskja frå publikum. Ut frå det har ein også eit ynskje om å bruke ”levande musikk” i kyrkjene våre, i staden for ferdig innspelt musikk t.d. frå ein cd.

Diakoni

Sogndal og Leikanger kfr. meiner at kyrkja sin diakonale innsats er ein viktig faktor i det helsefremjande arbeidet for menneska i Sogndal og Leikanger. Det blir i dag drive eit omfattande diakonalt arbeid både gjennom tilsett diakon og frivillige medarbeidarar, men målet er å engasjere og organisere endå fleire frivillige. Fellesrådet har søkt Leikanger kommune om å vere med å bidra med sin del i tilskot til diakoni, men pr. i dag er det berre Sogndal kommune og Bjørgvin bispedøme som gir tilskot.

Diakonien er kyrkja si omsorgsteneste. Kyrkjemøtet har vedteke rammeplanen for diakoni, og sokna har ansvar for å utarbeide lokale diakoniplanar. Diakonen har hovudfokus på personar i sorg og krise. I tillegg deltek diakonen i trusopplæringsarbeidet og i konfirmasjonsarbeidet, der hovudansvaret er på personar som treng ekstra tilrettelegging av ulik karakter. Sogndal som skulesenter gir også oppgåver for diakonen, som har eit godt samarbeid med skuleleiinga for dei ulike skulane. Diakonen deltek også i kommunalt kriseteam, har samlingar for born og unge, deltek ved større gravferder, har kontakt med pårørande etter gravferda, driv sorggrupper av ulik art, t.d. for etterlatne etter sjølv mord, besøksteneste i heim og på institusjon, rettleiar og rekrutterar frivillige arbeidarar, og er sekretær for diakoniutvalet i kommunen.

Trusopplæring

Frå 01.05.2010 fekk alle sokna i Indre Sogn tildelt statlege midlar til å innfasa trusopplæringsreforma. Desse midlane skal dekke løn og driftsmidlar, medan administrative kostnader må dekkjast frå kommunale overføringar. I samband med tildeling av midlar vart prostiet delt inn i fire trusopplæringsområder, og Sogndal og Leikanger vart eit felles trusopplæringsområde. Det vart også oppretta ein full stilling som trusopplærar, som skal leie dette arbeidet i vårt område. I 2012 vart arbeidet med lokale trusopplæringsplanar for alle sokna fullført, og dei er tufta på rammeplanen vedteken i Kyrkjemøtet hausten 2009. Føremålet med planane er å medverke til ei systematisk og samanhengande trusopplæring som:

- vekker og styrker kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv
- for alle døypte i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Tittelen på rammeplanen for trusopplæringa er Gud gir – vi deler.

Kyrkjjetenarressursane

Kyrkjjetenar skal leggje til rette for gudstenester og kyrkjelege handlingar og holde kyrkja ryddig, reingjort og i orden, samt ha ansvar for brannvern når kyrkja er i bruk. Fleire av kyrkjjetenarstillingane har også oppgåver ute i samband med vedlikehald og stell av kyrkjegard. Dei oppgåver kyrkjjetenaren gjer er ikkje alltid like synlege, men ville vore desto meir synlege dersom dei ikkje vart gjort. Kyrkjjetenarane er ei viktig tilsettegruppe for fellesrådet.

Kyrkjjetenarane er ofte i kontakt med publikum, og mange tek kontakt med kyrkjjetenarane t.d. når dei besøker graver på kyrkjegarden. Alle tilsette møter publikum på ulikt vis, gjennom personleg møte, telefon, gjennom brev o.a. Ein har difor eit fokus på korleis dei tilsette skal møte menneske. Det vart gjennomført eit kurs i Kyrkjjetenarskulen våren 2013, der fleire av dei tilsette deltok.

Tittelen på kurset var ”Møte med menneske”, og vart gjennomført i fellesskap med Luster kyrkjelege fellesråd.

5. Administrasjonen

Personale

Administrasjonen skal vere ein ressurs for kyrkjelydane i personalforvaltninga. Administrasjonen består av kyrkjevevjerje, ass. kyrkjevevjerje og sekretær/prostesekretær. Fellesrådet skal framstå som ein god arbeidsgjevar med ryddige rutinar for å gje dei tilsette gode og føreseielege arbeidsforhold. Kyrkjevevjerja har den daglege oppfølginga av fellesrådstilsette.

Pr. 01.05.2013 hadde fellesrådet :

- 15 tilsette i 8,9 årsverk fordelt på kyrkjelydane, kyrkjene, kyrkjegardane og administrasjonen.
- Ein har desse tilsette: trusopplærar, diakon, kantor, tre organistar, fem kyrkjetenarar, to kyrkjegardsarbeidarar, kyrkjevevjerje, ass. kyrkjevevjerje og sekretær/prostesekretær.
- Det er 5 prestestillingar knytt til kyrkjekontoret; ein prost, 2 sokneprestar, ein prostiprest og ein barne- og ungdomsprest. For tida står sokneprest-stillinga for Stedje og Kaupanger sokn vakant. Prestane er tilsett gjennom bispedøme, men fellesrådet har HMS ansvaret for desse stillingane.

Dei tilsette har i fellesskap utarbeida fylgjande retningslinjer for arbeidsmiljø og samarbeid:

1. Vis respekt for kvarandre; sjå andre, lytt aktivt, fokuser positivt.
2. Snakk til og ikkje om kvarandre; - stopp sladder og baktale uansett kven det gjeld.
3. Ha kultur for oppmuntring og ros.
4. Sjå mennesket bak kollegaen.
5. Gi konstruktiv tilbakemelding.
6. Ordne opp i konflikhtar, - ta ting opp direkte med den det gjeld.
7. Ha gjensidig tillit til kvarandre, og vis tillit til at arbeidsoppgåver vert gjort.
8. Ta del i praktiske oppgåver, - det er lov å spørje om hjelp.
9. Styrk det tverrfaglege samarbeidet.
10. Ha respekt for andre si tid, - møter tek til og sluttar til avtalt tid.

Motto: Me arbeider mot eit felles mål - og dreg lasset saman!

Kontor

Kyrkjekontoret for Sogndal og Leikanger er samlokalisert i Stedjetunet i Sogndal. Her har ein til saman 11 kontor plassar, servicetorg/skranke/sentralbord og to møterom. Det meste av lokala ligg i 2. etasje. Ein har også tilgang til møtelokale i 1. etasje i Stedjetunet, samt eit "stillerom" i kjellarlokala. Bygget har heis og rullestolinnegang.

Bygget ligg nær Stedje kyrkje, noko som gir høve til eit godt samspel i bruken av lokala.

Økonomi

Økonomistyringa skal bidra til at fellesrådet har ei forsvarleg økonomistyring på kort og lang sikt. Fellesrådet skal kunne forvente at budsjett og rekneskap er utarbeida til fastsett tid i samsvar med lover og reglar og at dei fortløpande får god økonomisk informasjon for å gjere vedtak.

Ass.kyrkjevevjerje har fått delegert økonomiansvaret frå kyrkjevevjerja og har den daglege oppfølginga av økonomien.

Fellesrådet er eiga juridisk eining, og har dermed sjølvstendig ansvar for økonomien og at økonomistyringa følgjer dei reglar og retningslinjer som gjeld.

Hovudtyngda av driftsmidlar og investeringsmidlar er løyvingar gitt av kommunane, men noko midlar får ein også frå staten via bispedømet. Noko er også gåver og innsamla midlar.

Arkiv

Arkivet består av fellesrådet sitt saksarkiv og personalarkiv. Ansvar for arkivet er lagt til ass. kyrkjevevje. Sokneråda tek ansvar for sine arkiv. Prosteseekretæren har ansvar for prosten sitt arkiv.

IKT

Fellesrådet leiger serverplass og brukarhjelp gjennom Kirkeidata, som er ei bedrift lokalisert på Møre. Løysinga er webbaserst og krev lite kapasitet på den enkelte pc. Fellesrådet nyttar enkelte program som er særleg utarbeide med tanke på kyrkja, medan andre program er vanleg nytta i fleire typar arbeidsliv.

Kyrkjekontoret har ikkje fasttelefonar, men alle tilsette har ei ordning med mobiltelefonar.

Publikum vil likevel nå kontoret gjennom å ringe eit fastnummer. Ein nyttar elles eit webbaserst sentralbordsystem.

6. Bygg og eigedom.

Kyrkjer

Ein har 5 kyrkjer i fellesrådsområdet. 2 er freda medan dei andre tre er listeførte av Riksantikvaren. Ein har ei kyrkje i kvart sokn. Kyrkjene er av dei eldste bygga i kommunane her. Mange ligg og sentralt eller på ein godt synleg plass. For veldig mange gir dei identitet og ei kjensle av å høyre til på staden, uavhengig av deira forhold til kva som skjer i bygget. Kyrkjebygga med inventar og kyrkjekunst, er difor også viktige kulturformidlarar.



Leikanger kyrkje

Leikanger kyrkje vart bygd i ca. år 1250. Kyrkja er bygd i mur, og er freda av Riksantikvaren. Den er ombygd fleire gonger, m.a. i 1660, 1872 og 1925. Chr. Christie var arkitekt. Kyrkja er ei sokalla langplan kyrkje, og har ei grunnflate på 300 m². Den har sitjeplassar til 220. Kyrkjeorgelet er frå 1981 og er bygd av Jørgensen orgelfabrikk.



Stedje kyrkje

Stedje kyrkje vart bygd i 1867, og restaurert i 1967. Det er ei langplankyrkje, bygd i tre med bindingsverk. Chr. B. Christie var også arkitekt for denne. Den har ei grunnflate på 578 m² og 400 sitjeplassar. Den er listeført av Riksantikvaren. Kyrkjeorgelet er bygd i 1967 av Vestlandske orgelverkstad.



Fjærland kyrkje

Fjærland kyrkje vart bygd i 1861, men fekk tilbygd sideskipa i 1931. Dette er også ei langplankyrkje, bygd i tre i lafteverk. Arkitekt for kyrkja var Chr. H. Grosch, medan arkitekt Johan Lindstrøm teikna tilbygget av sideskipa. Den har ei grunnflate på 273m² og 300 sitjeplassar. Den er listeført av Riksantikvaren. Kyrkjeorgelet er frå 1976, og er bygd av Jørgensen orgelfabrikk.



Norum kyrkje

Norum kyrkje vart bygd i 1863, og Chr. H. Grosch var arkitekt. Den er bygd i tre med lafteverk. Det er den einaste kyrkja i vårt område som står "feil veg". Inngangspartiet ligg i aust slik at kyrkjelyden sit vendt mot vest. Det er sagt at dette vart gjort for å spare dyrka mark. Den har eit bruttoareal på 360 m², og har 230 sitjeplassar. Kyrkja er listeført av Riksantikvaren. Kyrkjeorgelet er frå 1961 og er bygd av Norsk Orgel og Harmonium Fabrikk



Kaupanger Stavkyrkje

Kaupanger Stavkyrkje vart bygd ca i år 1190. Den er i tre og er ei stavkyrkje. Bygget vart endra i 1600 og i 1862, men tilbakeført i åra frå 1959 til 1965. F.H. Stockkfleth var arkitekt i 1862, medan Kr. Bjerknæs var arkitekt bak tilbakeføringa i 1959. Den har eit bruttoareal på 155 m², og 125 sitjeplassar. Den er freda av Riksantikvaren. Kyrkjeorgelet er eit sokalla orgelpositiv. Orgelet er frå 1967 og er bygd av Starup og sønn, København. Ein har i mange år hatt eit stort engasjement og ynskje om å få bygd ei ny kyrkje på Kaupanger.

Kyrkjeorgel

Kyrkjeorgla me har i kyrkjene våre er etter kvart vorte gamle, men er stort sett velhaldne og gode. Likevel er dette bruksgjenstandar som treng ettersyn og vedlikehald. Alle orgla får årleg stemming av autorisert orgelstemmar. Fleire av dei hadde trengt reingjering av piper og orgelhus, medan andre att kunne trengt ei større restaurering. Særleg gjeld dette Stedje kyrkjeorgel, som difor også er vorte prioritert. Viser her til økonomiplanen.

Kyrkjegard og kyrkjegardsbygg



Kyrkjegardsbygget på Kaupanger

I fellesrådsområdet har ein 6 kyrkjegardar, og 6 kyrkjegardsbygg/kapell. I Leikanger har ein to kyrkjegardar med kvart sitt kyrkjegardsbygg. Den eine kyrkjegarden ligg rundt kyrkjebygget på Leikanger, medan den andre er nyare og ligg på Husabø. Kyrkjegardsbygget ved kyrkja er gammalt og ligg på prestegarden. Det er freda og høyrer inn under OVF. Kyrkjegardsbygget på Husabø er nyare, og vart bygd då kyrkjegarden der vart laga på 1990 talet.

Kvart av dei andre sokna har kvar sine kyrkjegardar i tilknytning til kyrkjebygget, og med eit kapellbygg/kyrkjegardsbygg i nærleiken.



Minnelund på Stedje kyrkjegard.

Ved Stedje kyrkjegard i Sogndal er det laga ein minnelund for anonyme graver – fotrinnsvis for fortidleg fødte born og abortar. Minnelunden er open for gravlegging av denne typen bærer ogso frå dei andre sokna i prostiet.

Minnelunden er skilt ut frå resten av kyrkjegarden ved hjelp av ein hekk, og merka med eit skilt der det står ”Minnelund” ved inngangen til området. Inne på området er det sett opp ein stein, som skal vere som ein felles minnestein for dei som blir gravlagde inne på minnelunden.

På steinen er det ogso festa ei lykt, slik at dei pårørande kan få høve til å kveikje lys dersom dei ynskjer det. Det vil ogso stå ein benk i nærleiken i sommarhalvåret.

Steinen er merka med eit symbol for flamme, og skiltet har ogso fått det same symbolet. Flammen skal symbolisere overgangen frå ein tilstand til ein annan. Den er varmen, lyset, håpet og skaparkrafta. Den kan soleis aksepteras som symbol innanfor dei fleste trus- og livssynssamfunn, og minnelunden kan nyttast av alle.

Stell og vedlikehald av kyrkjegardane.

Både i Sogndal og på Leikanger har ein eit godt samarbeid med kommunane når det gjeld stell av kyrkjegardane. På Leikanger har kommunen alt vedlikehaldsarbeid på både Husabø og Leikanger kyrkjegard. Det inneberer både plenslått, snørydding og graving.

I Sogndal kjøper ein tenester hjå kommunen til plenslått av Norum og Kaupanger kyrkjegardar i sommarhalvåret. Ved Stedje og Fjærland kyrkjegardar er det kyrkjetenarane som står for vedlikehaldet.

Gravferdsforvaltning.

Fleire av kyrkjegardane er store, men med likevel behov for nye graver. Særleg gjeld dette Stedje og Kaupanger sokn, der behovet vil melde seg om 3-4 år. Utviding av desse kyrkjegardane er teke med i fellestrådet sin økonomiplan.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd har gravferdsforvaltninga i Leikanger og Sogndal kommunar. Alle innbyggjarar har rett til gravplass uansett tru eller livssyn, og skal handsamast med same verdigheit. Ein inviterar til årlege møter med alle tru- og livssynsamfunn som har medlemmar i Sogndal og Leikanger kommunar, for å drøfte tilrettelegging av ulike behov i samband med gravlegging.

I Sogndal har fellestrådet avtale med entreprenør Einar Dalaker om graving av graver på kyrkjegardane. På Leikanger har kommunen avtale med entreprenør John Gjerløw om graving av graver.

7. Organisering. Målsetjing.

Den Norske kyrkja i Sogndal og Leikanger er organisert slik:

- Eitt sokneråd i kvart av sokna: Leikanger, Stedje, Norum, Kaupanger og Fjærland.
- Eitt felles interkommunalt fellestråd for begge kommunane.
- Prestane er tilsett av Bjørgvin bispedøme, har prostiet som arbeidsområde men med kvart sitt sokn som hovudarbeidsområde. Prosten er næraste overordna.
- Øvrige tilsette er tilsett av fellestrådet, og har fellestrådsområdet som arbeidsområde. Kyrkjevevja er næraste overordna.

Samarbeidsprosjekt mellom kyrkja i Sogndal og Leikanger.

Sogndal kyrkjelege fellestråd og Leikanger sokneråd inngjekk i 2010 ein samarbeidsavtale med oppretting av felles fellestråd, administrasjon og kyrkjekontor. Det byrja med eit samarbeidsprosjekt som skulle vare frå 2010 til 2012. Prosjektet vart så forlenga til sommaren 2014.

Samarbeidsprosjektet er godkjent av departementet.

I samband med oppstart av prosjektet vart det formulert eit eige formål for arbeidet.

Formål: Funksjonell oppgåveløysing og lokalt kyrkjeleg arbeid der medlemmane bur og lever.

Samtidig vart det utarbeida fylgjande **målsetjing:**

Prøva ut ei organisering med eitt fellestråd for sokna i dei to kommunane Sogndal og Leikanger for at:

- 1) Samla administrasjons- og leiarressursar vert utnytta meir rasjonelt enn dagens ordning tillet, og ein utviklar funksjonell og brukarorientert oppgåveløysing av forvaltningsoppgåvene i KL §14 på tvers av kommunegrensene.
- 2) Kyrkjelydane skal i større grad bli i stand til å involvera medlemmane i det kyrkjelege arbeidet der dei bur og lever. Det gjeld: gudstenester, trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og kultur.

- 3) Tilsette og valde rådsmedlemar i sokneråd og fellesråd utgjer leiarskap med vekt på samarbeid og samhandling, kompetansebygging, tverrfagleg samarbeid og kyrkjelydsbygging.
- 4) Kvaliteten på det samla kyrkjelege arbeidet i sokna i dei to kommunane blir betre. Det gjeld både utadretta arbeid og administrativt arbeid ved kyrkjekontoret. Brukarane skal oppleve lett tilgjenge og god service.
- 5) Styrkje og utvikle eit godt forankra samarbeid mellom kyrkja og dei to kommunane Leikanger og Sogndal.

Samarbeidet har so langt gått veldig bra, og evaluering og tilbakemeldingar har vore positive.

Ny kyrkjeordning frå 2014

Det kan vere ei utfordring å skape ein organisasjonskultur prega av felles mål, felles strategi og felles forplikting så lenge ein har dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer. Fellesrådet har engasjert seg i det pågåande utredningsarbeidet med ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Om dette har fellesrådet blant anna sagt (sak 042/12) :

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd går inn for fylgjande:

- Ein struktur som er nær nok, samtidig som den er robust nok til å sikra kompetanse og berekraftig forvaltning.
- Færre styringsnivå enn ordninga i dag.
- Felles arbeidsgjevaransvar for alle kyrkjelege tilsette.

Ut frå dette meiner vi at Den norske kyrkja bør ha fylgjande folkevalde organ:

- Sokneråd
- Prostiråd
- Kyrkjemøte

Av det fylgjer at Den norske kyrkja vert inndelt i sokn, prosti og bispedøme.

Vi meiner at ein bør gå gjennom dagens soknegrenser, prostigrenser og bispedømegrenser.

Soknet må styrkast og få høveleg storleik for å leggja til rette for si kyrkjebyggjande oppgåve i kyrkjelydane. Vi er opptatt av å styrka lokalplanet, og vert det færre sokn, meiner vi at ein veg å gå er å etablere ei ordning med kyrkjelydsutval knytt til dei enkelte kyrkjene i sokn med fleire kyrkjer.

Tilsvarende som sokna må prostiet få ein høveleg storleik for å leggja til rette for arbeidsgjevaransvaret, og bispedømet høveleg storleik som legg til rette for biskopen si tilsynsoppgåve.

Både soknerådet og prostirådet må ha daglege leiarar som er tilsette av prostirådet. Kven som skal vere dagleg leiar i prostiråd vil det vere ulike synspunkt på, men vi ser det som viktig at dei både har leiarkompetanse og kyrkjefagleg erfaring og forankring.

Det regionale nivået/prostiet vil ein lett her sjå i forhold til prostia ein har i dag. Men meiner likevel at ein må vurdere å justere desse etter lokale forhold ut frå infrastruktur og interkommunalt samarbeid.

Eit slikt justert prostinivå/regionalt nivå må veljast mellom medlemene i sokna, og opptre på sokna sine vegne.

Eit felles arbeidsgjevaransvar for dei kyrkjelege tilsette ser vi på som ein styrke sett ut frå samarbeid, men og ut frå utvikling. Det vil vere lettare å ordne opp i konflikhtar som går på tvers av dagens arbeidsgjevarlinjer, det vil vere lettare å samordne aktiviteten, og dei tilsette vil møte ein felles arbeidsgjevarpolitikk innanfor same arbeidsstad. Arbeidsgjevaransvaret bør då liggje på eit justert prostinivå, for å vere robust nok til å sikre kompetanse og god forvaltning av personalressursane.

Det livssynsopne samfunn

Dei kyrkjelege fellestråda er invitert til å gi høyringssvar til Stålsett-utvalet si utredning om det livssynsopne samfunn. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd har valt å gi ein uttale primært knytt til forslaga i utredninga som vil påverke Den norske kyrkja.

Hovudsynspunkt

- Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd er glad for at utvalet understrekar at staten skal føra ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk. Ein opplever likevel at utvalet i nokre spørsmål vektlegg omsynet til likebehandling på ein måte som unødig innskrenkar nokon av dagens ordningar for Den norske kyrkja. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd vil understreka at ynskje om likebehandling av ulike tru og livssyn i større grad bør leggje til rette for auka nærvær for alle trus- og livssynssamfunn på ulike samfunnsområde - framfor å innskrenke eksisterande ordningar med tilknytning til eller i regi av Den norske kyrkja.
- Prinsippet om likeverdig behandling av alle trussamfunn må ikkje vere til hinder for at det offentlege kan ha særskilte ordningar/tiltak overfor kyrkjebygg med kulturminneverdiar.
- Ordninga ein har i dag med institusjons- og forsvarspresteteneste, bør kunne utvidast til også å omfatte tilbod for dei som har ei anna tru eller livssyn, framfor tiltak som innskrenkar eksisterande ordningar i regi av Den norske kyrkja.
- Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd ynskjer at ordninga med vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn kan halde fram.
- Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd ynskjer at Den norske kyrkja framleis kan ivareta det offentlege gravferdsansvaret for alle.

Kyrkjebygg med kulturminneverdiar.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd meiner at mange av kyrkjebygga er i ei særstilling her i landet. Den norske kyrkja har i dag kring 1600 kyrkjebygg, og om lag 1000 av desse har Riksantikvaren anten freda eller listeført som verneverdige. Det meiner vi peikar på kva særstilling desse bygga har i vårt samfunn. Mange av kyrkjene våre er av dei eldste bygga i ein kommune. Mange ligg òg sentralt til eller på ein godt synleg plass. For veldig mange gir dei difor identitet og ei kjensle av å høyre til på staden, uavhengig av deira forhold til kva som skjer inne i bygget. Kyrkjebygga med inventar og kyrkjekunst, er difor ogso viktige kulturformidlarar.

Institusjons- og forsvarspresteteneste.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd er positive til at ein her ser på om det er mogleg å utvide denne ordninga til også å gjelde andre trus- og livssyn. Dette meiner me likevel ikkje bør gå på bekostning av ordninga ein har i dag med sjukehusprestar og feltprestar tilknytt Dnk. Sidan 80% av det norske folk er medlemmar av Dnk, bør dette framleis vege tungt. Ei ordning som i dag der ein kan få kontakt med imamar og andre representantar frå andre trus- og livssynssamfunn, fungerer godt og ekskluderar ingen.

RLE, trus- og livssynsundervisning og religionar sin plass i skulen.

Det er ikkje lov å forkynne i RLE-faget i skulen, og på det viset er alle trus- og livssynssamfunn tekne vare på og gitt ein plass i opplæringa. Det at ein likevel har lov å ha skulegudstenester ser ein på som ein god dialog mellom skule og Dnk. Det er viktig at ein i dag tek vare på norske tradisjonar og historie, og dette er ikkje noko trugsmål mot andre trus- og livssyn men snarare ei opplæring i norske tradisjonar og historie. Den rolla som kyrkja har spelt i livet for det norske folk gjennom tusen år, er viktig å forstå for å forstå norsk historie. Dette er viktig for Noreg som land og for dei som skal bu her, og ikkje berre for dei kristne.

Vigsel

Utredninga skil mellom vigsel som ein offentleg rettsleg handling, og ein livsfaseending bygt på ritual og tradisjonar. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd ser det som uheldig at utvalet først skil ei vigsele på denne måten, for så å ikkje drøfte begge sidene av den. Desse spørsmåla vart også drøfta i ekteskapslovsutvalet si innstilling i 1986. Der står det mellom anna: *”Det må legges til grunn at det i dag – som i 1918 – er et utbredt ønske blant folk flest om å få beholde adgangen til kirkelig vigsel, og ikke bli påført den dobbelte handling som tvungen borgerlig vigsel vil innebære for dem som vil ha en kirkelig høytidelighet i tillegg til den lovbestemte fremgangsmåte. (NOU 1986: 2: 60)”*

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd legg vekt på at kyrkjeleg vigsel har lange tradisjonar i Noreg, og vi meiner det skal sterke argument til for å avvikle ei slik etablert ordning. Vi finn ikkje at argumenta hjå fleirtalet i utvalet er tungtvegande nok for å avvikle ordninga med vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn.

Gravferder

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd ynskjer at Den norske kyrkja framleis kan ivareta det offentlige gravferdsansvaret for alle. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd er kritisk til at utvalet i liten grad tek med tidlegare utval sine erfaringar rundt Den norske kyrkja si handsaming av gravferdsansvaret, og som har gitt udelte positive tilbakemeldingar. Tvert imot meiner Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd at ei verksemd som er forankra i ei tru, slik Den norske kyrkja er, nettopp har kvalitetar og kan bidra til dialog og livssynsopenheit i eit fleirreligiøst samfunn på ein annan måte enn ein ”nøytral” kommune.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd er positive til at utredninga bidreg til debatt, men er kritisk til at utvalet har lagt seg på ei linje der kultur og tradisjonar blir lite vektlagt, og at ein har drege likebehandlingsprinsippet veldig langt. Ein må ta inn over seg at ein startar ikkje med blanke ark når ein ny religionspolitikk no skal utformast.

8. LK 14/KL 14

Bibelen er fundamentet fellesrådet og kyrkja byggjer sitt arbeid på. Det er difor naturleg at å fylgje Bibelen er ei målsetjing i seg sjølv. I evangeliet etter Lukas, kapittel 14, les me om det store gjestebudet. Her inviterar ein alle som vil til å koma. Det vil me veldig gjerne også. Alle som vil er velkomne til å delta på våre aktivitetar, møte oss, møte tru og møte fellesskap. ”Gjer døri høg og porten vid”. Me vil at alle skal kjenne at dei har ein heim i Guds kyrkje på jord. Samtidig gir Kyrkjelova §14 oss vårt mandat til kva eit fellesråd skal drive med. Her er det lista opp kva gjeremål og ansvar eit fellesråd har.

LK 14 og KL 14 gir oss slik ei rettesnor for arbeidet vårt!

Vedlegg 1:

I samband med samarbeidsprosjektet mellom kyrkje i Sogndal og på Leikanger, vart det gjort fylgjande vedtak i kommunane:

Samrøystes vedtak i Leikanger Formannsskap, sak 37/10:

1. Leikanger kommune støttar opp om søknaden frå Sogndal kyrkjelege fellesråd og Leikanger sokneråd om oppretting av eit felles fellesråd for kyrkja i dei to kommunane med verknad frå 01.08.2010.
2. Ein føresetnad for vedtaket er at det nye felles fellesråd blir etablert i samsvar med vedlagte framlegg til avtale med deling av alle felles utgifter og inntekter til administrasjon etter folketal.

Frå Sogndal kommune kom fylgjande uttale frå ordførar Jarle Aarvoll, datert 07.05.2010:

Samarbeid mellom kyrkja i Sogndal og Leikanger.

Formannskapet handsama saka i møte 06.05.2010 sak 39/10, og gjorde fylgjande vedtak:

Ordførar får fullmakt til å sende uttale om samanslåing til felles fellesråd for Sogndal kyrkjelege fellesråd og Leikanger sokneråd. Uttalen skal byggje på vurderingar gjort i saksframlegget.

Sogndal kommune ser positivt på arbeidet med samanslåing til felles fellesråd for Sogndal kyrkjelege fellesråd og Leikanger sokneråd. Felles fellesråd vil gje grunnlag for ei meir robust eining, som kan yte betre og meir stabile tenester til innbyggjarane i kommunane. Ei slik ordning vil også kunne gje erfaringar for å vurdere eit større fellesråd for fleire kommunar, dersom det er interesse for det i andre kommunar i indre Sogn.

Kyrkja er ei sjølvstendig juridisk eining, som sjølv tek stilling til og inngår avtalar. Kommunen har eit ansvar for å finansiere store delar av verksemda til fellesrådet. Ved etablering av eit felles fellesråd vil det vera to kommunar som har eit finansieringsansvar for fellesutgiftene. Ev. manglande finansiering frå ein kommune må ikkje få økonomiske følgjer for den andre kommunen. Kva som er felles utgifter og inntekter bør koma tydeleg fram. Kostnadsfordelinga må vere robust og enkel. Det bør ikkje leggjast vesentleg vekt på kor mykje kvar kommune brukar på kyrkjesektoren ved inngangen til ei samarbeidsordning. I dei aller fleste samanhengar vil det vera faste kostnader til ei ordning som er uavhengig av storleik/folketal. Avtalepartane bør vurdere om ikkje dette også er tilfellet når det gjeld denne samanslåinga.

Ved inngangen til ei felles ordning kan det vera tenleg å få "lik standard" på somme område. Dette ser ut til å vere teke høgd for i utkast til avtale, m.a. når det gjeld status for kyrkjegardane. Den kommunale representasjonen i det interkommunale fellesrådet er i framlegg til avtale ivareteken på ein god måte.

Med helsing Jarle Aarvoll

Vedlegg 2:

Sokneråda sine oppgåver kan kort samanfattast slik; sjå elles kyrkjelova §9:

- Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer eller innsamling i kyrkja.
- Soknerådet forvaltar dei midlane som blir samla inn, bevilga eller gitt som gåve til kristen verksemd i soknet, med mindre anna er fastsett.
- Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon vert gitt av departementet.
- Avgjerd om oppretting av stillingar skal godkjennast av kyrkjeleg felle råd.
- Soknerådet medverkar ved utnemning og tilsetting i kyrkjelege embete og stillingar etter dei reglar som gjelder til einkvar tid.
- Soknerådet innbyr minst ein gong i året dei tilsette i soknet til å ta del i rådet sine drøftingar om forholda i soknet og dei oppgåvene som ligg føre.
- Soknerådet førebur og gir innstilling til avgjerder i alle saker som vert lagt fram for soknemøtet, jfr § 10, eller som soknemøtet sjølv tek opp.
- Soknerådet gir kvart år soknemøtet ei orientering om det kristne arbeidet i soknet.
- Soknerådet skaffar til vege dei opplysningar og gir dei uttale som departementet eller anna kyrkjeleg mynde ber om, og utfører elles dei oppgåver som det til einkvar tid er pålagt av Kongen eller departementet.

Vedlegg 3:

REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE.

Jmfr. ”Reglar om betaling for bruk av kyrkja” godkjent til bruk av Bjørgvin Bispedømeråd 9. februar 2007 med heimel i Lov av 7. juni 1966 om Den norske kirke § 20.

- §1 Reglane gjeld ved utlån av kyrkja og ved presten sin bruk av kyrkja til kyrkjelege handling.
- §2 For konsert eller liknande arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er leiga kr. 3.000,-. I tillegg betalar arrangørar frå Indre Sogn Prosti 10 % av billettinntektene, og arrangørar utanfor Indre Sogn prosti 20% av billettinntektene. Arrangement som inngår i soknet sitt kyrkjemusikalske arbeid får fritak frå betaling.
- Det skal skrivast leigekontrakt mellom leigetakar og kyrkjekontoret før alt utlån av kyrkja. Ein nyttar då leigekontraktskjema som er godkjente av soknerådet.
- §3 For kyrkjeleg handling utanfor gudsteneste er leiga kr. 3.000,-. For medlemar av Den norske kyrkja gjeld dette likevel ikkje ved vigsel, når ein av brudefolka eller ein av foreldra deira er busett i kommunen. Ved gravferder krev ein ingen betaling.
- §4 Faktiske utgifter (straum, løn, reinhald o.l) ved utlån av kyrkja til gudstenester eller andre oppbyggjelege samlingar, kan det i alle tilfelle krevjast dekning for. Fellesrådet gjer avtale. Dette gjeld ikkje for dei som har rett til fritak frå betaling for kyrkjelege tenester etter §3.
- §5 Kyrkjeleg fellesråd fastset i kva for utstrekning den kyrkjelege betjeninga, som rådet har arbeidsgjevaransvaret for, skal nyttast og om betaling for dette. Men kyrkjetenaren – eller nokon i hans stad – skal vere tilstades og ha det overordna ansvaret ved t.d. tillaup til brann.
- §6 Skade som vert påført kyrkja eller inventar i kyrkja i samband med utleiga skal dekkast av leigetakar.
- §7 Kyrkjeleg fellesråd kan i særskilde høve gje dispensasjon frå betalingsattsane.
- §8 Utlån av kyrkja til øving, plateopptak, eller liknande føretak som ikkje har som føremål å samle publikum vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd. Betaling for utlånet skal dekkja faktiske utgifter og vert fastsett av fellesrådet. For omvising, turistbesøk eller liknande gjeld regelen tilsvarande. Vedtaket om utlån er avhengig av godkjenning frå soknerådet.

Vedlegg 4:

Årshjul for faste arbeidsoppgåver – fellesråd og administrasjon

JANUAR

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
Januarmøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til årsbudsjett ut frå endeleg tildelt driftstilskot frå Sogndal og Leikanger kommunar	Magny og Jorunn Merete
Januarmøtet til fellesrådet	Vedta årsbudsjett ut frå endeleg driftstilskot frå Sogndal og Leikanger kommunar	Fellesrådet
Januarmøtet til fellesrådet	Val på leiar og nestleiar i fellesrådet	Fellesrådet
17. januar	Levere LPR-statistikk (Løns- og personalstatistikk)	Jorunn Merete (Magny)
	Gudstenesteliste	Sokneprestane og kyrkjeverje
	Ferieynskjer	Kyrkjeverje
31. januar	Utending av invitasjonar til medarbeidarfest/annonsering av medarbeidarfest	Administrasjonen

FEBRUAR

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
1. februar	Rapportere inn årsstatistikk til SSB på aktiviteten i sokna	Torunn
10. februar	6. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune
Torsdagen før eller torsdagen etter vinterferien på skulane	Medarbeidarfest	Staben
Februarmøtet i fellesrådet	Skrive framlegg til årsmelding	Jorunn Merete
Februarmøtet i fellesrådet	Slutføre årsrekneskapen	Magny og økonomikontoret i Sogndal kommune
	Invitasjon til 50 års konfirmantar	Torunn og Bente i samarbeid med sokneprestane/sokneråd

MARS

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
1. mars	Vedta årsmelding og årsrekneskap	Fellesrådet
15. mars	Levere statistikk til SSB frå årsrekneskapen	Magny og økonomikontoret i Sogndal kommune

APRIL

Frist:	Oppgåve:	Utførast av:
10. april	1. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune
	Dialogmøte med kommunane	Fellesrådsleiar, kyrkjeverje og ass. kyrkjeverje
Seinast 2 månader før ferie	Utarbeide og drøfte ferieplan for og med dei tilsette	Jorunn Merete

MAI

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
Maimøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til økonomiplan/handlingsplan for komande 4 år	Magny og Jorunn Merete
Maimøtet til fellesrådet	Vedta økonomiplan/handlingsplan for komande 4 år	Fellesrådet
Maimøtet til fellesrådet	Event. utarbeide skriv til kommunane dersom ynskje om innspel til budsjettrevisjon	Magny, Jorunn Merete, arbeidsutval/fellesråd

JUNI

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
10. juni	2. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune
	Sende skriv til kommunane dersom ynskje om innspel til budsjettrevisjon	Magny og Jorunn Merete
Junimøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til møteplan for fellesrådet for 2. halvår	Jorunn Merete
Junimøtet til fellesrådet	Vedta møteplan for fellesrådet for 2. halvår	Fellesrådet

JULI

Frist:	Oppgave:	Utførast av:

AUGUST

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
Ca. 25. august	Møte med formannsskap	Fellesrådsleiar, sokneprest, kyrkjevevje og ass. kyrkjevevje
31. august	3. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune

SEPTEMBER

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
	Utarbeide framlegg til kommunane om driftstilskot for komande år/framlegg til årsbudsjett for komande år	Magny og Jorunn Merete
Septembermøtet til fellesrådet	Vedta skriv som blir sendt til kommunane om driftstilskot for komande år	Fellesrådet/arbeidsutvalet

OKTOBER

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
10. oktober	4. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune
Oktobermøtet til fellesrådet	Uttale om budsjetttramme	Fellesrådet

NOVEMBER

Frist:	Oppgave:	Utførast av:

DESEMBER

Frist:	Oppgave:	Utførast av:
10. desember	5. termin MVA	Økonomikontoret i Sogndal kommune
Desembermøtet til fellesrådet	Utarbeide framlegg til møteplan for fellesrådet for 1. halvår	Jorunn Merete
Desembermøtet til fellesrådet	Vedta møteplan for fellesrådet for 1. halvår	Fellesrådet

Vedlegg 5:

Organisasjonskart

